



Referat AU-møte

Dato: 2. februar 2017
Tid: Kl. 9 til 11
Møteleiar: Eva Vinje Aurdal
Stad: Ålesund Rådhus, 9. etg. - møterom syd

Deltakarar: Eva Vinje Aurdal, Dag Olav Tennfjord, Karen Simonnes Aanes, Oddvar Myklebust, Astrid Eidsvik, Bente Glomset Vikhagen, Synnøve Vasstrand Synnes, Anne Berit S. Emblem og Anne Bente Skjellum.

Forfall: Kim Andrè Breivik.

1. Referat 3. styringsgruppemøte 19.1.17 vart godkjend.
2. Kort om møteform/erfaring frå sist styringsgruppemøte:
 - Med om lag 30 deltakarar er hestekooppsett eller småbord meir eigna enn eitt langbord. Bordoppsett må tilpassast programinnhald. Det må brukast mikrofon.
 - Det må leggst inn fleire pausar i tillegg til lunch.
 - AU gjennomgår agenda, sakskart og framlegg til vedtak før dette sendast ut.
3. Agenda/saksliste for neste styringsgruppemøte 7.2.17 vart gjennomgått og godkjend.
4. AU hadde ei kort oppsummeringsrunde etter KMD/KS-samling på Gardermoen førre veke, fleire av temaene på samlinga vert også tema på komande styringsgruppemøte.
5. AU fekk ei orientering om skisse til overordna prosjektplan og diskuterte skisse til prosjektorganisering. Skissene må jobbast vidare med både i styringsgruppe, AU og rådmennene.
6. AU innstiller på å opprette delprosjekt 1 om personalmessige forhold. Dette blir truleg det største delprosjektet i omstillinga og vil vare heile perioden. Delprosjektgruppe med personalsjefane og koordinator er i gang. Gruppa har valt Roar Reiten, personalsjef i Ålesund, som delprosjektleder, han orienterer om arbeidet i komande styringsgruppemøte.
7. AU innstiller på å opprette delprosjekt 2 om kommunikasjon. Dette delprosjektet vil vare heile omstillingsperioden. Delprosjektgruppe med kommunikasjonsansvarlege i kvar kommune er i gang, Anne B. Skjellum, kommunikasjonsjef i Ålesund er delprosjektleder, og legg fram utkast til kommunikasjonsstrategi og tiltaksliste i komande styringsgruppemøte. Det vert gruppearbeid.
8. AU fekk ei orientering om at delprosjekt/arbeidsgruppe for kartlegging interkommunalt samarbeid har oppstartsmøte fredag 3.2. Det byggast vidare på malane frå tidlegare kartlegging i Ålesund. AU innstiller på at dette vert definert som eit delprosjekt. Det vert ei kort orientering om arbeidet i komande styringsgruppemøte.

9. Delprosjekt om arkiv må iverksetjast snarleg, jamfør tilråding frå andre kommunesamanslåingar.
10. Det må iversetjast eit eige delprosjekt om kulturbygging og verdiar. Dette temaet må få særskild merksemd i 5. styringsgruppemøte i mars.
11. Økonomistyring og administrativ styring i prosjektet:
 - Økonomistyring i prosjektet vert fast punkt i AU-møta.
 - Det opprettast ei rådmannsgruppe som har jamlege møter med prosjektkoordinator for administrativ styring av prosjektet. Økonomistyring i prosjektet vert også tema her.
 - Det er fleire typar prosjektmidlar som nye Ålesund kan og søkast på, rådmennene ser på dette saman med koordinatoren.
 - Det må snarleg avklarast midlar til frikjøp av Anne Bente Skjellum til prosjektarbeid. Midlar til kjøp av merkantil støtte (10%?) må også avklarast.
12. Demokratistillinga for nye Ålesund har søknadsfrist 6.2. Ein rådmann, personalsjef i Ålesund, utviklingssjef Anne Mette Liavåg, prosjektkoordinator og ein tillitsvald deltek i intervju, koordinatoren leiar intervju. Demokratistillinga inngår i prosjektgruppa for nye Ålesund og komande prosjektleiar vert næraste overordna.
13. Det må igangsetjast vidare arbeid med mandatet til komande fellesnemnd.

Anne Berit Støyva Emblem
referent